



17. mai

GRATULERER MED DAGEN!

17. mai er ein festdag for oss alle! Me feirar nasjonen, grunnlova, demokratiet, sjølvstendet – alt som er sjølvsaugt for oss, men kanskje eit fjernt ynskje for andre. I Noreg er vi heldige som har eit godt samhald. Dette samhaldet har vi alle ansvar for å ta del i gjennom å bry oss om andre, snakke fint om dei rundt oss og ynskje det beste for nesten vår. Kvaliteten på samhaldet og samfunnet vårt er summen av alle små val vi tek kvar dag, kvar og ein av oss. Ta deg tid til ein prat med nokon du ikkje har møtt på ei stund, eller som du ikkje kjenner, og skap ei minnerik og god feiring saman med alle rundt deg. Kos deg med dagen, og tusen takk til alle dykk som stiller på dugnad denne dagen og gjer feiringa tilgjengeleg for oss andre!

Med venleg helsing
Arnstein Menes
Ordførar i Sogndal kommune



(Foto: Therese Espeland)

LEIKANGER

- Kl. 08.00** Leikanger musikklag spelar ved sjukeheimen.
- Kl. 08.25** Leikanger musikklag spelar ved Vokeldvegen.
- Kl. 08.45** Leikanger musikklag spelar på Øvre Leite.
- Kl. 10.00** Kransenedlegging ved Leikanger kyrkje. Tale ved Stig Ove Ølmheim, representant for kommunestyret.
- Kl. 10.15** Festgudsteneste i Leikanger kyrkje.
- Kl. 11.15** Barne- og folketog. Oppstilling på sjøsida av Tinghuset kl. 11.00. Toget går via Leikanger sjukeheim til Nokkaneset.
- Kl. 11.50** Toget stoppar ved sjukeheimen og syng nasjonalsangen. Blomeoverrekking ved ordførar.
- Kl. 12.00** Barne- og folketog held fram frå sjukeheimen til Nokkaneset. Leikanger damekor opptre inne på sjukeheimen etter at toget har gått.
- Kl. 12.30** 17. mai-fest for heile bygda på Nokkaneset. Velkommen ved ordføraren, tale for dagen ved Roar Werner Vangnes, leikar, underhaldning og sal av mat.

NORANE

- Kl. 12.30** Toget går frå Staai. Toget stoppar ved bautastein på Stora-Kleivi for blomenedlegging, før det går vidare til Norane oppvekstsenter.
- Ca. kl. 13** Program på bana ved skytehallen, etterfølgd av leikar og kiosk. Tale for dagen ved Svein Arne Ylvisåker.

BALESTRAND

- Kl. 09.30** 17. mai-tog frå Dragsvik til Tjugum kyrkje.
- Kl. 10.00** Familiegudsteneste i Tjugum kyrkje.
- Kl. 11.30** 17. mai-tog frå Holmen til Balahaugen.
- Kl. 12.00** Tale ved Åge Eitungjerde og musikk frå Balestrand songlag. Deretter går toget vidare til Sagatun skule. I hallen blir det underhaldning og sal av mat og ute leik.
- Kl. 17.00** 17. mai-fest i møtesalen på Sygna, arrangert av bedehuset.

FJORDANE

- Kl. 09.30** 17. mai-tog frå Dragsvik til Tjugum kyrkje.
- Kl. 10.00** Familiegudsteneste i Tjugum kyrkje.
- Kl. 12.00** Samling på Fjordtun oppvekstsenter med natursti, leikar, loddsal og sal av mat.
- Kl. 14.00** Program og tale for dagen ved Oddrun Thorsnes på Fjordtun oppvekstsenter.

FJÆRLAND

- Kl. 08.00** Fanfare og flaggheising ved bygdahuset.
- Kl. 12.00** Folketoget startar. Rute: Idrettsbana, Labergsneset, stopp ved busenteret, kyrkja, minnestund ved grava til Georg Distad, skulen. Program på skulen med leikar og sal av mat. Tale ved Helga Dvergsdal Fjellstad.
- Kl. 20.00** Folkefest på bygdahuset med program og matserving. Festtale ved Rune Timberlid.

KAUPANGER

- Kl. 08.00** Salutt. Flaggheising ved Kaupanger skule.
- Kl. 10.00** Kaupanger skule- og ungdomskorps marsjerer frå ferjekaien til kyrkja.
- Kl. 10.45** Gudsteneste i Kaupanger stavkyrkje.
- Kl. 12.00** Folketoget startar ved Kaupangersenteret. Rute: opp Furuvegen, Konvallvegen, Ospevegen og over til Holteigvegen, ned Storebruvegen, deretter forbi Europris og bort til skuleplassen ved Kaupanger skule.
- Kl. 13.00** Program på Kaupanger skule. Kiosksal.
- Ca. kl. 14.15** Leikar for borna.

SOGNDAL

- Kl. 08.30** Blomenedlegging bruparken Loftesnes, tale ved Margrete Haug, leiar for utval for levekår. Musikalsk innslag ved Sogndal musikklag.

- Kl. 09.15** Blomenedlegging ved Stedje kyrkje ved varaordførar Vibeke Johnsen.
- Kl. 09.30** Gudsteneste i Stedje kyrkje.
- Kl. 10.15** Oppstilling barne- og skuletog på Sjøkanten.
- Kl. 10.45** Salutt og avgang barnetog, rute: Stedjevegen, Ålkrysset, Allmenningen, Fjørevegen, Hofslund, Gravensteinsgata, Leighgota, Skulevegen, Trudvang skule.
- Kl. 11.00** Kiosksal startar ved Trudvang skule.
- Kl. 11.30** Program startar på Trudvang, leikar og kiosksal. Tale ved Kristina Holm Holen og Guro Kristine Hågvar (10. klasse ved Kvåle skule).
- Kl. 14.30** Båtлага stiller i båtkonvoi frå kaien ved Sogndal folkehøgskule.
- Kl. 14.30** Oppstilling for folketog i Parkvegen.
- kl. 15.00** Toget startar ved Allmenningen. Rute: mot Fossetunet, via Hofslund, Gravensteinsgata, Leighgota, Skulevegen, Plassen, Trolladalen, Fosshaugane.
- Kl. 16.00** Program på Fosshaugane Campus. Talar ved ordførar Arnstein Menes og russepresident Ingeborg Knudsen Berg.

Meir utfyllande program finn du på nettsidene til Sogndal kommune. Eventuelle endringar i programma vil bli opplyst om der.

